



Dato: 05.01.2012
Arkivref: 2010/252-82 /
L12

Saksbeh.: Kim-André Breivik

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
12/3	Formannskapet	16.01.2012

Regulering - Måsvikremma syd - 2. gongs offentlig ettersyn

Vedlegg:	Plankart, mål 1:1000	dat. 07.01.2012
	Føresegner	dat. 08.01.2012
	Planprogram	dat. 29.08.2011
	Planomtale	dat. 08.01.2012
	Møtereferat frå drøftingsmøte på Fylkeshuset	dat. 23.11.2011
	Notat til drøftingsmøte på Fylkeshuset	dat. 23.11.2011
	ROS-analyse	dat. 29.08.2011
	Motsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 11.10.2011
	Motsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune	dat. 24.10.2011
	Merknad, "motsegn" frå Kåre Røren m.fam	dat. 09.10.2011
	Uttale frå Statens vegvesen	dat. 06.10.2011
	Uttale frå Åshild Sandøy Surowiec, repr. barn og unge	dat. 19.10.2011
	Merknad frå Jordbrukssjef Nils Sanden	dat. 20.10.2011
	Epost frå Bjørn Ringstad, fylkeskonservator	dat. 18.11.2011
	Merknad frå Harnesmyr Gard Da	dat. 15.10.2011
	Merknad frå Sverre Både, Kåre Røren, Frank Brunvoll, Berit Karin Røren, Eva Viola Sandø og Idar Harnes	dat. 17.10.2011
	Merknad frå Arnt Sæterøy	dat. 14.11.2011
	Merknadar frå Knut Haldor Sæterøy	dat. 11.10. og 17.11.2011
	Merknad frå Trygve Bjørn og Anne Kristin Aune m.vedl.	dat. 11.10.2011
	Adresseliste	

Framlegg til vedtak:

I medhald av Plan- og bygningslova §12-10 vedtek formannskapet å legge reguleringsendring for Måsvikremma Syd ut til andre gongs offentlig ettersyn i perioden 18.01.2012-29.02.2012. Mot slutten av høyringsperioden skal det gjennomførast ei synfaring for politikarar og andre interessantar i området. Ordførar fastsett nærare tidspunkt for dette.

Saksprotokoll i Formannskapet - 16.01.2012

Behandling:

Vedtak:

Samrøystes vedtak: Som framlegget.

SAKSUTGREIING

BAKGRUNN FOR SAKA/SAKSOPPLYSNINGAR

Saka har vore drøfta i fleire møter, det er sett av midlar for utbygging i 2012. Oppstartsvarsel vart kunngjort 26.04.2011. Området er utpeika som utbyggingsareal i generalplanen frå 1982. Reguleringsplan for Måsvikremma syd var ute til offentleg ettersyn på hausten i 2011. Det har kome inn mange innspel, og fleire motsegner frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen. I tillegg er det funne eit større steinalderbusetnadsområde innanfor planområdet. På grunn av motsegnene og steinalderfunnet har det vore naudsynt å omarbeide reguleringsplanen relativt mykje for å kome vidare med arbeidet. Det er difor naudsynt med ein ny høyringsrunde.

VURDERING

Underteikna og ordførar hadde møte med representantar frå Fylkeskommunen og Fylkesmannen på fylkeshuset den 23.11.2011. Til dette møtet hadde vi utarbeidd ei skisse for ein revidert plan som ville løyse alle motsegnene. Denne skissa vart godkjent i møtet, med stadfesting på at motsegnene ville opphevast når dette kom ut igjen til ettersyn.

Vi har heile vegen arbeidd for å få til ei best mogeleg planløyising med eit so høgt antal tomter at det vil vere forsvarleg å byggje ut området med dei utgiftene de tvil medføre til veg og infrastruktur, og nok tomter til å svare etterspørselen ein del år framover.

Det er ikkje tvil om at den nye planløyisinga er mindre god enn den opphavlige, men vi har klart å oppretthalde om lag same totalt antall tomter.

Innspel og merknadar frå offentleg ettersyn er vurdert og kommentert i planomtalen, og vil ikkje bli gjengitt i saksutgreiinga.

Planarbeidet har skapt ein del motstand mellom enkelte i nærområdet. Dette er uheldig, men diverre uunngåeleg for at samfunnet skal få utvikle seg. Dette arealet, og vidare mot Peileapparatet/ Storhaugeberget har vore utpeika til bustadområde i minst 30 år, og vil heilt klart vere med som bustadområde i kommuneplanen som er i startgropa. Dette arealet er det einaste tilstøytande området til bebyggelsen i Steinshamn som ikkje er anten sjø eller landbruksområde. Overordna myndigheiter har siste åra auka fokus på jordvern for å sikre forsvarlege driftsgrunnlag for vidare landbruk i landsdelen. Dette gjer det vanskeleg å nytte dyrka mark til bustadformål når ein har alternativ i slike områder som Måsvikremma. Området er som kjent dominert av grunn myr og fjell i dagen.

ØKONOMISKE KONSEKVENSA

Det er avsett midlar til utbygging i 2012. Dette er framleis mogeleg å kome i gang med utbygging i 2012, dersom ein ikkje støyter på fleire skjer i sjøen.

KONKLUSJON


Administrasjonen rår til at reguleringsplan for Måsvikremma syd blir lagt ut til andre gongs offentlig ettersyn i seks veker.

Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Kim-André Breivik
leiar for tekniske tenester

Utskrift: Etter adresseliste
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.
Statens vegvesen Region Midt, Fylkeshuset, 6404 Molde.
Sandøy Energi, 6487 Harøy.
Sandøy kommune, Repr. for barn og unge, 6487 Harøy.
Sandøy kommune, Ungdomens kommunestyre, 6487 Harøy.
Jordbrukssjefen i Sandøy v/ Nils Sanden, 6270 Brattvåg.
Grunneigarar og naboar ihht. vedlagte liste

Rett utskrift:
Sandøy kommune, 17.01.2012


Jorunn Finnøy
saksbehandlar